

Saksframlegg

--	--	--

Sakshandsamar:	Kommunedirektør	Berit Karin Rystad		
Avgjerslemynde:		Arkivnr.: 22/451	Klassering:	

Budsjett 2023 og økonomiplan 2023 - 2026, tilbakemelding frå statsforvaltar

Saksopplysningar

Fedje kommunestyre har i møtet 15.12.2022, sak 77/2022, handsama og vedteke budsjett 2023 og økonomiplan for 2023 – 2026. Statsforvaltaren har motteke saksdokumenta til orientering. Kommunen er ikkje under statleg kontroll og godkjenning. Budsjett og økonomiplan er difor ikkje kontrollert etter kommunelova § 28-1 (Robek-registrerte kommunar). For alle kommunar kontrollerer Statsforvaltaren at budsjett og økonomiplan er i balanse, og at det ikkje er budsjettert med uspesifiserte innsparingar.

Vurdering

Statsforvaltaren melder i brevet til kommunen at det er positive netto driftsresultat i heile planperioden. Vidare visar statsforvaltaren at kommunen legg opp til eit stramt men realistisk budsjett for å oppretthalde tenestenivået på om lag same nivå som budsjettåret, og eit investeringsnivå som er moderat.

Kommunedirektøren er nøgd med tilbakemeldinga frå statsforvaltaren, men merkar seg at statsforvaltar ber om at kommunestyret må vedta **finansielle måltal for utviklinga av kommunens økonomi for heile perioden** (kommunelova § 14-2 pålegg). Dette gjeld spesielt for netto driftsresultat, langsiktig gjeld og disposisjonsfond.

Statsforvaltar viser og til at i forskrift for økonomiplan og budsjett går det fram at dei obligatoriske oppstillingane skal visast for heile økonomiplanperioden. Statsforvaltar ber på nytt om at **skjema etter § 5-7 i forskrifta**, som viser utviklinga i gjeld og andre vesentlege langsiktige forpliktingar, må utarbeidast og takast med i dokumentet for seinare år.

Folkehelse

ikkje relevant

Miljø

Ikkje relevant

Økonomi

Statsforvaltaren kontrollerer alle kommunar at budsjett og økonomiplan er i balanse, og at det ikkje er budsjettert med uspesifiserte innsparingar.

Konklusjon

Fedje kjem godt ut av gjennomgangen til statsforvaltar. Budsjettet er i balanse med eit netto driftsresultat på 756 000 kroner, som er 0,86 prosent av brutto driftsinntekter. Driftsresultatet blir overført til investering. Resultatet ligg under det anbefalte nivået frå Teknisk berekningsutval (TBU)

på 1,75 prosent. Det gode driftsresultat for 2022 ligg over det anbefalte nivået, og gir kommunen ein god inngang til planperioden. Snittet på netto driftsresultat for landet utgjorde 2,6 prosent i 2022. Kommunedirektøren tek statsforvaltaren sine merknader til vitande og vil arbeide for at budsjett for 2024 og økonomiplan for 2024-2027 skal ha:

- Finansielle måltal for utviklinga av kommunens økonomi for heile perioden
- Skjema etter § 5-7 i forskrifta, som viser utviklinga i gjeld og andre vesentlege langsiktige forpliktingar skal utarbeidast og innarbeidast i dokumenta

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret til saka til vitande

Ikkje vedlagte saksdokument:

Doknr	Type	Dato	Tittel på saksdokumentet
Doknr	Type	Dato	Tittel på journalpost